



Austevoll kommune

Møteprotokoll

KOMMUNESTYRET

Møtedato: 17.12.2009

Møtetid:

Kl. 11:00

Møtestad: Kommunestyresalen

Saksnr.:

129/09 - 157/09

Følgjande medlemer møtte:	Parti	Følgjande varamedl. møtte	Parti
Helge Andre Njåstad	Frp	Alfred Magne Møgster	Frp
Jostein Blænes	”	Inga Margrethe Fagerbakke	”
Renate Møgster Klepsvik	”		
Ronald Persen	”		
Kjetil Østervold	”		
Olav Njåstad	”		
Øystein Østervold	”		
Narve Møgster	”		
Edvard Johannes Stangeland	Sp		
Ingrid Vågen Duesund	”		
Ove Fagerbakke	Ap		
Andreas Risøy	”		
Christian Halstensen	Krf		
Torfinn Grav	”		
Ingunn Berge Vik	H		
Julie Eide Solbakken	”		
Kurt Frank	”		
Arne Kalve Klepsvik	”		
Olav O. Østervold	”		

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti	
Helge Otterå	Frp	
Jane Stangeland	Ap	

Møteleiar:	Ordførar Helge Andre Njåstad
Frå adm. møte:	Rådmann Rolf Nøstdal, helse- og sosialsjef Arve E. Sunde, skulesjef Liv Margareth Østervold, spesialrådgjevar Steinar Hole og nestleiar osk Astrid N. Fagerbakke
Utlevert i møtet:	Vedlegg til budsjettsaka 139/09, vedlegg til sak 142/09 og ny sak 157/09.
Orientering:	KPMG orienterte om sak 137/09, rapport – gjennomgang av drift og økonomi i pleie- og omsorgsektoren.
Merknader:	Ønskje om at sak 136/09 vert handsama etter budsjettsaka. Ønskje om at det ved neste års budsjetthandsaming vert eige budsjettmøte i kommunestyre.

	Ingunn Berge Vik kom til møte under handsaming av sak 131/09 Politisk kvarter,
Innkalling:	Ingen merknader.

Underskrifter:

Helge Andre Njåstad
Ordfører

Olav O. Østervold

Edvard Johs. Stangeland

Sakliste

Sak nr.	Saktittel
129/09	GODKJENNING MØTEBOK KOMMUNESTYREMØTE 22.10.2009
130/09	UNDERSKRIVING AV MØTEBOKA
131/09	POLITISK KVARTER
132/09	REFERATSAKER
133/09	MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTE I KONTROLLUTVALET 21.10.2009
134/09	MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTE I KONTROLLUTVALET 25.11.2009
135/09	REKNESKAPSRAPPORTAR ETTER OKTOBER 2009
136/09	GODKJENNING AV INNDEKNINGSPLAN UNDERSKOT 1999 – 2005
137/09	RAPPORT - GJENNOMGANG AV DRIFT OG ØKONOMI I PLEIE- OG OMSORGSEKTOREN
138/09	KOMMUNALE AVGIFTER OG GEBYR M.M. FOR 2010
139/09	BUDSJETT 2010 - ØKONOMIPLAN 2010-2013
140/09	PLAN FOR IDRETTSANLEGG, NÆRMILJØANLEGG OG FRILUFTSLIV I AUSTEVOLL KOMMUNE I PERIODEN 2010 – 2013
141/09	SØKNAD OM OVERTAKING AV KOMMUNAL VEG I TORANGSVÅG
142/09	VEDK. VEGBRYGGJER PÅ HEVRØY
143/09	GNR. 27 OG 29 SPISSØY. GODKJENNING AV ENDRING AV REGULERINGSPLAN FOR FRITIDSBUSTADER, NAUST M.M.
144/09	PROSJEKT AUKA BUSETJING PÅ MØKSTER - OPPFØRING AV UTLEIGEBUSTADER
145/09	KULTURBAKERIET- SØKNAD OM SKJENKELØYVE
146/09	BUSINESS REGION BERGEN AS - FRAMLEGG TIL AVTALE
147/09	BEDRIFTSELSETENESTA RAMMEAVTALE
148/09	INTERKOMMUNALT ARKIV I HORDALAND - TILBOD OM RESERVASJON AV Plass I SENTRALT ARKIVDEPOT
149/09	LIKESTILLINGSREDEGJØRELSE FOR 2008
150/09	FARMASØYT - TILSYN OG RÅDGJEVING
151/09	KLIMA- OG ENERGIPLAN
152/09	SKATTEOPPKREVJAR
153/09	FRÅVÆR AUSTEVOLL KOMMUNE
154/09	FRITAK FRÅ FOLKEVALDE VERV I AUSTEVOLL KOMMUNE – SUPPLERINGSVAL

155/09	VAL TIL OVERFORMYNDERIET
156/09	GEBYR ETTER NY MATRIKKELLOV
157/09	REKNESKAP 2009 - BRUK AV MOMSKOMPENSASJON I DRIFT

129/09: GODKJENNING MØTEBOK KOMMUNESTYREMØTE 22.10.2009

Vedtak:

Møteboka frå møte i kommunestyret 22.10.2009 vert godkjent slik ho ligg føre.

130/09: UNDERSKRIVING AV MØTEBOKA

Vedtak:

Til å skriva under møteboka saman med ordføraren vert valde:

Olav O. Østervold og Edvard Johannes Stangeland.

131/09: POLITISK KVARTER

Handsaming i møtet:

Ingunn Berge Vik kom til møtet under handsaming av sak 131/09 – Politisk kvarter.

Ordføraren orienterte om:

- Status for arbeidet med å etablere dynamittlager i Austevoll
- Status utbygginga av Marstein Fyr
- Orientering om liv og lyst
- Folketalet i Austevoll - statistikk

Spørsmål frå Renate Møgster Klepsvik:

Kommunestyret har tidlegare drøfta å ta i bruk ”Min vakt”. Det er blitt informert om at tilsvarande vil inngåi nytt turnus-program. Kan kommunestyret få ei orientering om innføringa av nytt turnus-program, og korleis dette fungerer med omsyn til ”Min vakt” eller tilsvarande interaktivt system for vaktorganisering.

Svar frå helse- og sosialsjefen:

Kommunen har teke i bruk Lotus turnusprogram, men modul for vaktorganisering er ikkje teke i bruk. Helse- og sosialsjefen vil koma med skriftleg informasjon om saka.

Spørsmål frå Ove Fagerbakke:

Fylkesvegen frå Eido til Vik er i all hovudsak utan veglyks og kantstripene har ikkje vorte malt opp på mange år. Vegen er mykje trafikkert når folk skal til og frå arbeid. Spesielt i den mørke årstida føles vegen som trafikkfarleg og det er vanskeleg å sjå.

Kan kommunen ta initiativ for å få kantstripene nymalt då det kan ha stor betydning for trafikksikkerheita på vegen.

Svar frå ordføraren:

Kommunen vil senda oppfordringa over til Statens vegvesen. Ordføraren reknar med at Statens vegvesen vil ordne opp i desse forholda.

Vedtak:

Vert lagt ved møteboka.

132/09: REFERATSAKER

Handsaming i møtet:

Renate Møgster Klepsvik hadde merknader til pkt. 10 – Invitasjon til å føreslå kandidater til styra i helseføretak under Helse Vest RHF. Renate M. Klepsvik fremja forslag om at Jostein Blænes vert foreslått som kandidat.

Ordføraren stilte spørsmål om kommunestyret ville realitetsbehandla framlegget. Dette vart samrøystes vedteke.

Jostein Blænes vart samrøystes valgt til kandidat til styra i helseføretak under Helse Vest RHF.

Vedtak:

Meldingane vert tekne til etterretning slik dei ligg føre med følgjande tillegg:
Jostein Blænes vart samrøystes valgt til kandidat til styra i helseføretak under Helse Vest RHF.

133/09: MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTE I KONTROLLUTVALET 21.10.2009

Vedtak:

Austevoll kommunestyre tek møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 21.10.2009 til orientering.

134/09: MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTE I KONTROLLUTVALET 25.11.2009

Vedtak:

Austevoll kommunestyre tek møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 25.11.2009 til orientering.

135/09: REKNESKAPSRAPPORTAR ETTER OKTOBER 2009

Vedtak:

Austevoll Kommune tek rekneskapsrapport etter oktober 2009 til orientering

136/09: GODKJENNING AV INNDEKNINGSPLAN UNDERSKOT 1999 - 2005

Handsaming i møtet:

Saka vart handsama etter budsjettsaka 139/09.

Vedtak:

Austevoll kommunestyre vedtek følgjande inndekningsplan for akkumulert underskot:

Rest underskot 01.01.2009	30 789 198
2010	-5 000 000
2011	-5 000 000
2012	-5 000 000
2013	-5 000 000
2014	-5 000 000
2015	-5 789 198
Rest underskot 01.01.2016	0

137/09: RAPPORT - GJENNOMGANG AV DRIFT OG ØKONOMI I PLEIE- OG OMSORGSEKTOREN

Handsaming i møtet:

Ole Willy Fundingsrud og Kari Hesjedal frå KPMG orienterte om arbeidet med rapporten, sa litt om vurderingar som er gjort og kva konklusjonar ein har gjort av funn, samanlikna med andre kommunar. Kommunestyret kommenterte og stilt spørsmål undervegs.

Tilrådinga frå kontrollutvalet vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Kommunestyret har merka seg dei konklusjonar som kjem fram i rapport etter KPMG sin gjennomgang av drift og økonomi i pleie- og omsorgstenestene, og vurdering av konsekvensar av samanslåing av to sjukeheimar i Austevoll kommune. Ein har og merka seg rådmannen sin uttale til rapporten.
2. Kommunestyret vil gjera seg bruk av rapporten i sitt vidare arbeid med å vurdere økonomi, driftsnivå og tenestetilbod innan pleie- og omsorgssektoren.
3. Kommunestyret ber rådmannen om å leggja fram sak med forslag til:
 - a. Korleis Austevoll kommune kan oppnå ein meir effektiv ressursbruk innan pleie- og omsorgssektoren
 - b. Korleis kommunen skal få eit realistisk budsjett for tenestekområdet
 - c. Korleis tenestestrukturen innan pleie- og omsorg skal utviklast vidare framover.

138/09: KOMMUNALE AVGIFTER OG GEBYR M.M. FOR 2010

Handsaming i møtet:

Sak 156/09 Gebyr etter ny matrikkellov vart handsama saman med sak 138/09.

Vedtak:

Austevoll kommunestyre vedtek følgjande avgifts-, gebyr- og betalingssatsar med verknad frå 1. januar 2010, dersom ikkje anna er sagt under dei ymse punkta:

1. Gebyr for byggjesaksføreaving etter plan- og bygningslov.

- a) Gebyrsatsane vert auka med 10 %.
- b) Dei som nyttar digitale byggjesøknader får redusert gebyret med 15 %.

2. Gebyr på regulerings- og utbyggingsplanar.

Gebyrsatsane vert auka med 5 %. Teksten i pkt. c vert endr til "for mindre endring av plan".

Det vert lagt inn følgjande ny tekst i gebyrregulativet:

"Føreaving av konsekvensutgreiingar, gebyr som for reguleringsplanar etter storleik".

3. Gebyr etter delingslova.

Delingslova er gått ut og er erstatta med ny lov - Matrikkellova.

4. Avgift på slamrenovasjon.

Avgiftssatsane vert auka med 5 %.

5. Renovasjonsavgifter.

Avgiftssatsane vert auka med 5 %.

6. Avgift for feiing og tilsyn med fyringsanlegg.

Årleg avgift	kr. 364,-.
Ekstra feiing, alle kostnader medrekna pr. pipeløp	kr. 385,-.
Feiing/tilsyn 2 piper	kr. 485,-.
Kontroll av nyinnstallerte eldstader	kr. 650,-.

7. Gebyr for sal av fyrverkeri.

Gebyrsatsen vert auka med 5 %.

8. Gebyr for brann- og redningstenesta.

Gebyrsatsane vert auka med 5 %.

9. Eigedomsmeklargebyr.

Gebyrsatsane vert auka med 5 %.

10. Trykking for private.

Pr. trykk kr. 2,10. Med fargar kr. 3,50 pr. trykk.

11. Fellingsavgift for hjort.

Vaksen hjort, pr. stk. kr. 315,-.

Hjortekalv, pr. stk. kr. 189,-.

12. Satsar for utleige av skulebygg og utstyr.

Gjeldane satsar for utleige vert auka med 20 %, med unntak av basseng/garderobe/dusj som vert uendra til kr. 3.500 pr. time pr. halvår.

13. Husleige i omsorgsbustadane.

Husleiga vert auka med kr. 1.000,- pr. mnd. rekna frå den dato auken kan gjennomførast, jfr. reglande i husleigelova.

14. Foreldrebetaling i barnehagane.

Dei høgste betalings-satsar og moderasjonsreglar som vert vedteken av Stortinget vert gjort gjeldande for 2010.

15. Foreldrebetaling i skulefritidsordninga.

Heil plass, pr. mnd. kr. 1.990,-.

Halv plass, pr. mnd. kr. 1.194,-.

Det vert gjeve søskenmoderasjon av heil plass, slik at kr. 994,- pr. mnd. vert lågaste sats for heil og halv plass. Satsane for SFO 2. halvår vert sett i samanheng med sak om framtidig SFO tilbod i Austevoll.

16. Elevkontingent i kulturskulen.

Kontingentsatsane vert auka med 5 %.
Søskenmoderasjonen vert 25 %.

Sal av tenester til korps, kor m.m. skal fakturerast etter kostpris.

139/09: BUDSJETT 2010 - ØKONOMIPLAN 2010-2013

Handsaming i møtet:

Framlegg frå Frp, Krf, Sp og H v/Jostein Blånes:

Endringer til kommunestyret 17. des 2009:

Budsjett 2010 - Austevoll kommune

Oversikt over inntektene til Austevoll kommune: Austevoll kommune skal i 2010 bruke 288.249.000,-. Hadde ikkje staten bestemt at skattesterke kommunar skal gje frå seg 59 øre for kvar krone til skattesvake kommunar hadde Austevoll kommune hatt 321.315.000,- til bruk. Det er og interessant å sjå at dersom Austevoll kommune ikkje hadde vært ein skattesterk kommune og ikkje utnytta sitt eige inntektspotensiale hadde summen til fordeling vært 34 mill mindre slik at sum til fordeling hadde vært 254.249.000,- Det er mange kommunar i Norge som ligg rundt 100% av skattenivå og som heller ikkje utnytter sitt inntektspotensiale. Dei kommunane klarar også å drive kommunane på ein forsvarleg måte. Austevoll kommune må difor kunne klare å drive kommunen med 288.249.000,- som er summen som er til rådvelde – verken meir eller mindre.

Oversikt over diverse inntektsvariantar (for opplysninga si skyld)

Scenario:	Sum:
Anslag på inntekter 2010	288.249.000
Dersom stortinget ikkje tar 59 øre pr krone frå skatterike kommunar	321.315.000
Dersom stortinget ikkje tar 59 øre og kommunen ikkje har eigedomsskatt	309.118.000
Dersom Austevoll bare hadde hatt 100% av skatteinntekter	264.000.000,-
Dersom Austevoll ikkje har eigedomsskatt	276.052.000
Dersom Austevoll ikkje har eigedomsskatt og har bare 100% av skatt	254.249.000

Tabell som viser korleis inntektene til kommunen i 2010 er budsjettert i etter formannskapet sin tilråding (mindre endringar / tilpassingar kan skje etter gjennomgang etter vedtaket).

<i>Tal i heile tusen</i>	Budsjett	*) Budsjett	*) Budsjett	Reknesk
	2 010	2 009	2008	2008
Skatt på inntekt og formue	159 487	124 000	98 000	139
Eigedomsskatt	12 197	13 300	11 454	11
Rammeoverføring frå staten	73 206	60 096	68 022	37
Trekk inntektsutjamning (overføring til skattesvake kommunar)	-33 066	0	0	
Andre generelle rammetilskot/mva kompensasjon	35 091	26 462	33 317	28
Salgsinntekter	23 897	24 887	22 500	23
Refusjonar	16 346	15 454	11 613	14
Finansinntekter	1 091	6 953	3 177	9

Sum Inntekter	288 249	271 152	248 083	265
----------------------	----------------	----------------	----------------	------------

Før 288.249.000,- vert disponert er 4 mill tatt av til nedbetaling av kommunen sitt oppsamla underskott og 2 mill er sett av til uforutsette utgifter i 2010.

Det som er disponibelt vert disponert slik:

Inntekter

<i>Tal i heile tusen</i>	*) Budsjett	Budsjett	Økoplan	Økoplan
	2 009	2 010	2011	2012
Skatt på inntekt og formue	124 000	159 487	169 056	177 509
Eigedomsskatt	13 300	12 197	12 441	12 689
Rammeoverføring frå staten	60 096	73 206	76 866	80 710
Trekk inntektsutjamning (overføring til skattesvake kommunar)	0	-33 066	-35 381	-38 211
Andre generelle rammetilskot/mva kompensasjon	26 462	35 091	40 732	42 768
Salgsinntekter	24 887	23 897	25 331	26 091
Refusjonar	15 454	16 346	17 326	18 193
Finansinntekter	6 953	1 091	1 157	1 226
Sum Inntekter	271 152	288 249	307 528	320 975
%-vis økning	9,3 %	6,3 %	6,7 %	4,4 %

Brutto Driftsutgifter

<i>Tal i heile tusen</i>	*) Budsjett	Budsjett	Økoplan	Økoplan
	2 009	2 010	2011	2012
Sentraladministrasjonen	44 575	46 251	50 576	51 299
<i>Uforutsett i løpet av året</i>	0	2 000	2 000	2 000
<i>Pott til lønnsauke 2010</i>	0	4 500	4 500	4 500
Undervisning og kultur	101 259	104 337	106 757	112 099
Helse og sosial	104 957	112 959	119 868	125 854
Skatter og rammetilskot	4 914	4 000	5 000	5 000
Finansiering	15 447	14 202	18 827	19 227
Brutto driftsutgifter	271 152	288 249	307 528	320 975
%-vis økning	9,3 %	6,3 %	6,7 %	4,4 %

<i>Tal i heile tusen</i>	*) Budsjett	Budsjett	Økoplan	Økoplan
	2 009	2 010	2011	2012
Netto kostnader				
Sentraladministrasjonen	27 289	33 241	34 903	37 697
Undervisning og Kultur	76 335	76 065	79 868	83 862
Helse og Sosial	90 006	96 021	100 822	105 863
Finansiering	10 260	11 602	15 507	18 227
Netto driftsutgifter	203 889	216 928	231 099	245 648
%-vis økning	9,3 %	6,4 %	6,5 %	6,3 %

Kommunestyret sitt budsjettvedtak vert gjort på etatsnivå (jmf tabell over både i brutto og netto). Det betyr at rådmannen kan gjera budsjettjusteringar mellom ansvar- og funksjonsområde. Rådmannen må rapportere slike justeringar til politisk nivå, og dersom det inneberer tiltak av prinsipiell karakter, samt vesentlege endringar av tenestilbodet (nivå, omfang og struktur), må fremjast for politisk handsaming så fremt dei ikkje er klarert gjennom budsjettprosessen. Kommunestyret er klar over at fleire av dei reduksjonsframlegg i høve dagens drift kan vera vanskeleg å gjennomføre og kanskje også etter nærmare gjennomgong administrativt ikkje klokt. Med denne presiseringa ligg det då til administrasjonen å vurdere andre justeringar innanfor eigen etat. Kommunestyret understreker at budsjetttrammene for etatane ikkje kan endres i løpet av året av andre enn kommunestyret sjølv.

Budsjettet auker med 5,5% i forhold til 2009 budsjett som er retningsgjevande i høve budsjett 2010. Lønns og prisvekst i 2010 er stipulert lågare enn 5,5% slik at budsjett 2010 har meir å bruke enn 2009 budsjettet. Bakgrunnen for at rådmannen likevel må foreslå reduksjonar er at drifta i 2009 har vært høgare enn budsjett 2009 la opp til. Kommunestyret synes det er beklageleg at ikkje administrasjonen i 2009 har hatt større budsjettlojalitet slik at budsjettprosessen for 2010 må gjennomføre reduksjonar av driftsnivået. Kommunestyret har ikkje vært fornøgd med dette og meiner det er i strid med dei tydelege signal om budsjettdisiplin som er formidla mange gonger til administrasjonen. Kommunestyret er på bakgrunn av dette nødt å meir aktivt fylgje opp situasjonen overfor administrasjonen i 2010.

Nye tiltak i budsjett 2010:

Det er mykje fokus på reduksjonar, men budsjett 2010 legg og opp til styrking av nokre felt:

- 2 mill til reserve. Kan disponerast av formannskap (hastesaker) / kommunestyret (ordinære saker) og skal inngå i rapporteringa slik at politisk nivå kjenner til bruken av midlane.
- Lærlingar. Kommunen har auka lærlingebudsjettet i høve 2009 nivået.
- Straumutgifter – grunna auka strømudgifter.
- Legebudsjettet – midlar til ferievikar
- Auke i budsjett til avlastning (Stangeland gard) i høve 2009 nivå.
- Styrking av barnevern med 600.000,- i høve opprinneleg 2009 budsjett.
- IT – fleire brukarar av systemet.
- Midlar til ny internettside for Austevoll kommune.
- Fleire andre poster som er styrka i høve 2009 budsjettnivå

Kommunestyret sine vidare presiseringar til budsjettet:

Kommunestyret sitt budsjett 2010 er basert på formannskapet sin tilråding som igjen er basert på rådmannen sitt tallbudsjett med tilhøyrande kuttliste lagt fram 25.11.09.

Kommunestyret vil innleiingsvis understreke at dette er viktig for Austevoll kommune også i samband med budsjett 2010:

- ”Å setje tæring ette næring”
- Budsjettet skal styre aktiviteten, aktiviteten skal ikkje styre budsjettet
- Austevollingane skal få gode tenester for dei midlane som kommunen har fått til rådvelde

I dette budsjettdokumentet synleggjer Kommunestyret elles ei rekkje styringssignal til administrasjonen, herunder politiske prioriteringar og kommentarar til dei tiltak rådmannen

foreslår for å kunne drive kommunen innanfor dei rammene som er til rådvelde. Der Kommunestyret ikkje har kommentert noko legg vi rådmannen sine tal og tiltak til grunn.

Nøkkeltal:

Austevoll kommune har frå regjering / storting og gjennom egne inntekter fått tildelt 288.249.000,- til drift i 2010. Når sum til nedbetaling av oppsamla underskott frå perioden 1998 til 2004 og pott til resserve er tatt bort står det att 282.249.000 til fordeling til drift. Vår felles utfordring er å disponere det som er disponibelt til beste for austevollingane. Kommunestyret legg til grunn at Austevoll kommune sin skatt for 2010 vert auka like mykje som dei siste åra. Dette er svært realistisk å forvente spesielt i 2010 då formueskatten i Austevoll i 2010 som i stor grad baserer seg på aksjeverdiane 1.1.2010 vil auke meir i Austevoll enn resten av landet. Det vil sikre Austevoll ein betre skatteinngong enn resten av landet og det vil vera realistisk å budsjettere slik. Skulle dei månadlege skatteinngongane utvikle seg i negativ lei må kommunestyret føreta budsejttrevisjon.

Driftsbudsjettet 2010:

Rådmannen la 25.11 fram ei kuttliste. Det er kutt utifrå dagens drift og ikkje utifrå 2009 budsjettnivå. At nokre deler av kommunen i 2009 har overskredet budsjettet er ikkje styrande for rammene i 2010. Kommunestyret er samd med rådmannen at det gjer at drifta må reduserast i forhold til det nivået som er dagens drift.

Kommunestyret vil gjera slik endring i driftsbudsjettet i høve det rådmannen har foreslått:

Skulestruktur

Kommunestyret ynskjer ikkje å leggje ned Møkster og Kolbeinsvik skular i samband med budsjett 2010.

Kultur, idrett og frivillig sektor

Kommunestyret ynskjer ikkje å ta bort all form for tilskott til kultur, idrett og frivillig sektor. Dette er viktige poster for å få folk til å trivast i Austevoll. Skal me ha mål om å helde fram den positive trenden med auke i folketalet må fritidstilbodet vera godt. For Kommunestyret er det difor uaktuelt å ta bort alt dette. Midlane vert tilbakeført. Politisk nivå vil komma attende til disponering av midlane og vurdere kva som skal vera fast tilskott og kva som skal lysast ut.

Kulturskulen

Kultur, idrett og fritidsaktiviteter er eit satsingsområde for kommunen jmf punkt om kultur. Difor ynskjer Kommunestyret heller ikkje å ta bort 200.000 frå kulturskulen. Midlane vert ført attende til budsjettet, men det vert sett på om deler av ressursane i kulturskulen kan inngå i liv og lyst prosjektet som kommunen sin lokale andel. Det vil og gje oss mulighet å få meir ut av kulturkronene ved å sjå alle verkemidlane i sammenheng. Kommunestyret ynskjer at dei barn som ikkje får plass i kulturskulen og som då får tilbod i privat regi og kan inkludrast på egna måte i felles opplegg / konsertar osv.

Aktivtør

Kommunestyret ynskjer å behelde ein stilling som kan skape aktiviteter på sjukeheimane, men sett i lys av framlegget om å ha ein sjukeheim kan ein slik stilling kombineres med andre formål også. Me tenkjer på aktivitet i liv og lyst, folkehelse og gjerne frivillighet. Kommunestyret vil og sjå på mulighet å få til fleire tilbod til gruppa psykisk utviklingshemma og vil at det skal vurderast i denne sammenheng. Det er naturleg at denne stillinga høyrer inn under kultur /

samfunnsutviklingsfeltet til kommunen. Kommunen må og søke om få deler av stillinga delfinansiert gjennom desse andre aktivitetene.

Barnevern

Kommunestyret peiker på at barnevernbudsjettet er styrka i 2010 i forhold til 2009.

Kommunestyret har auka budsjettet med 600.000,- Rådmannen foreslår ytterlegare auke. Auke på 600.000 frå 09 til 10 må vera tilstrekkeleg og barnevernstenesta må dimensjonere sin aktivitet til denne ramma. (600.000 vert tatt ut av budsjettet)

Basseng

Kommunestyret vil legge inn i investeringsbudsjettet midlar til å kjøpe naudsynt utstyr til bassenga for å spare straum og få ein betre og lettare drift av bassenga. Formannskapet forventar ein innsparing på straum i budsjettet. (100.000 tatt ut av driftsbudsjettet)

Papirlause møter

Kommunestyret vil innføre papirlause politiske møter i Austevoll ved å investere i politikkarar pear og då kunne sei opp kopimaskinavtale, utgifter til papir, trykking og porto. Samt å gje administrasjonen ein lettare arbeidssituasjon når kopidagane går bort. (100.000 tatt ut av budsjettet som innsparing)

SFO

Kommunestyret reduserer og ramma frå 2 til 1 mill til SFO i Austevoll. Men Kommunestyret forventar at me skal finne løysingar innanfor ramma som sikrer SFO minst ved dagens skular og gjerne fleire. Andre kommunar får mykje meir SFO tilbod ut av tilsvarande beløp som Austevoll no har til rådvelde. Det må Austevoll og få til. Private løysingar med tilskott frå kommunen må vurderast.

Småtun barnehage

Kommunestyret vil ikkje konkludere med framtida til Småtun i budsjettsamanheng. I mai 2010 vil regjeringa varsle korleis barnehagesektoren vert finansiert i 2011 og utover. Kommunestyret vil ha den kunnskapen før konklusjon vert gjort. Fram til ferien vil Småtun halde fram med dagens lokale og må drivast på ein lønnsam måte med dei barn barnehagen er godkjent for. Kommunestyret tek sikte på at endeleg avgjerd vert fatta før sommaren, med verknad frå skuleåret 2010 / 2011.

Kaier og vegar

Kommunestyret ynskjer at administrasjonen ser på moglegheiten av å hente inn kaileige frå kommunale kaiar. Desse inntektene øyremarker Kommunestyret til vedlikehald av kommunale vegar og kaiar.

Vegljos

Kommunestyret viser til at Hordaland fylkeskommune overtar ansvaret for veglys på fylke og riksvegsnettet frå 1.1.2010.

Bokkjøp bibliotek

Kommunestyret sett av ytterlegare 50.000 til bokkjøp i 2010. Bakgrunnen for to år med små rammer er det store overforbruket i 2007. Frå 2010 vil posten ta seg opp att.

Mva kompensasjon av investeringar

Kommunestyret ynskjer å bruke mva komp frå investeringane til å gje reduksjonane gjennomsnittleg 9 mnd effekt i 2010. Rådmannen får tilført pott til å fordele slik at reduksjonane kan ta ulik tid, men gjennomsnitt 9/12 effekt i 2010 og full effekt i 2011. 20% av mva kompensasjon frå investeringar vert tilført investeringsbudsjettet, medan 80% vert tilført

driftsbudsjettet. Midlar til auka renter og avdrag til nye investeringar vert og tatt av dei auka mva kompensasjonsmidlane.

Legetenesta

Kommunestyret vil tidleg i 2010 sjå på organiseringa av legetenesta og vurdere forhold som legestruktur, tal på legeheimlar osv. Sak om dette vert fremma til politisk handsaming første kvartal.

Sjukefråvær

Kommunestyret ber rådmannen framleis ha stor fokus på sjukevær og tiltak for å redusere det i kommunen. Rapportering om sjukefråvær må gjerast jamnleg til politisk nivå og grupperast slik at det kjem fram kva type sjukefråvær det er og om det er arbeidsgjevar eller NAV som dekker kostnadene.

Eldreomsorg

Kommunestyret presiserer overfor rådmannen at bruken av dobbeltrom ikkje må ha større omfang enn i dag sjølv med samling av alle heildøgnsbebuarar under eit tak. Kommunestyret viser til at det er mogleg slik etaten foreslår disponeringa for 48 bebuarar. Når utbygginga av Storebø po-senter som vert starta opp i 2010 står ferdig vil Austevoll kommune for fyrste gong kunne tilby alle innbyggjarar enkeltrom og gje den gode standarden til alle. Kommunestyret føreset at kommunen skal ha 48 sjukeheims plassar i den melombelse perioden. Talet på plassar når alt er utbygd vert å koma attende til. Administrasjonen har fullmakt som i dag å finne gode løysingar om det skulle vera behov for overbelegg. Det er viktig med god dialog med dei pårørande gjennom heile prosessen.

Kommunestyret ynskjer å koma raskt i gong med utbygging av nok plassar på Storebø PO-senter. Dette er viktig både for å raskt kunne gje alle eit betre tilbod, men og marknaden for bygging er gunstig nå.

Kommunestyret ynskjer å leggje snarleg konseptet på anbod til aktuelle firma som eit totalkonsept. Austevoll kommune treng x antal nye plassar i tilknytning til dagens senter og vil ha inn konsept som tilfredstillar Husbanken sine krav til plassar. Kommunen må i anbodet ha moglegheit å vurdere tilboda utifrå mellom anna pris, tidspunkt for ferdiggjering og standard. Det vil me denne framgangsmåten truleg gå raskare for å få prosjektet ferdig. Kommunestyret føreset at prosessen tek til med ein gong og at anbodsprosessen er sett i gong tidleg i 2010.

Psykiatri

Kommunestyret ynskjer ikkje å redusere på psykiatritenesta. Kommunestyret reknar med at store reduksjonar på denne posten vil føre til auka utgifter på andre felt no og i framtida, samt skape store menneskelege utfordringar.

PPT - Psykolog

Kommunestyret ynskjer ikkje å redusere på PPT – psykolog. Kommunestyret reknar med at store reduksjonar på denne posten vil føre til auka utgifter på andre felt no og i framtida, samt skape store menneskelege utfordringar.

Jordmor / Helsesøster

Kommunestyret understreker at intensjonen til rådmannen er å sjå desse to felta under eitt når reduksjonen skal gjerast. At staten gjennom helseforetaket overtar ansvaret blant anna for fylgjetenesta for gravide i 2010 er eit av argumenta for å kunne redusere på desse postane, men kommunestyret vil be om at dette fyrst er på plass før reduksjonen vert gjennomført fullt ut. Tilbodet til dei fødande må i størst mulig grad skjermes.

Satsing på fornying – 24 / 7 kommunen

Kommunestyret viser til at det ligg inne mange nye tiltak for å gjera kommunen meir effektiv gjennom investering i nye it-løysingar. Både i 2010 og dei siste åra. Kommunestyret er opptatt av å få gjevinst gjennom dette i ein effektivisering som frigjer ressursar til andre og viktigare oppgåver. Kommunestyret har store forventningar til ny nettside med auka bruk av elektroniske skjema. Kommunestyret forventar og full implementering av nytt turnusprogram i 2010 med minvakt funksjon.

Investeringsbudsjettet:

Startlån i Husbanken

Kommunestyret sett av 7 mill i 2010 til dette tiltaket. Det er god bustadsosialpolitikk å ha ei større ramme her for å hjelpe innbyggjarar som treng det inn på bustadmarknaden. Alternativet kunne vært andre ordningar som kostar kommunen pengar.

Folkehelse

Kommunestyret sett av 250.000 årleg til tiltak for å fremme folkehelse. Dette er forberedelse på vår nye oppgåve i samhandlingsreform og også tiltak for å auke trivsel i kommunen.

Sjukeheim på Storebø

Kommunestyret vil umiddelbart sette i gong arbeid med utbygging av Storebø pleie og omsorgsenter og også vurdere andre helsetenester i området. Sak om korleis planlegginga skal gjennomførast må fremmast til første møte i 2010. Politisk nivå skal vera styringsgruppe for prosjektet. 5.000.000,- vert ført opp i 2010 og anslagsvis 30.000.000 i 2011 til fullfinansiering, men merk at dette er overslag som kan verta justert når planar / kostnadsoverslag ligg føre.

Basseng

Formannskapet sett av midlar til innkjøp av diverse utstyr for å få ned straumutgifter.

Skular

Kommunestyret set for 2010 av 10.000.000 til investeringar innanfor skule. Soppstiasjonen på Storebø skule har hovudprioritert å få utbetra. Politisk nivå skal som tidlegare vedtatt ha sak før oppstart av byggjeprojekt. Der vil fordeling mellom Storebø skule og Selbjørn skule verta gjort.

Utover dette sjå tabell under.

Rapportering:

Kommunestyret sin budsjettmodell i 2010 er at fyrst finner man ut kva som er disponibelt og så blir det som er disponibelt fordelt til drift. Korleis etatane fordeler midlane er ikkje viktig for politisk nivå så lenge sluttsummen er hellig. Ein slik budsjetteringsmodell gjev rådmannen stor fleksibilitet og handlingsrom til å styre ressursbruken innanfor dei ulike tenesteområda. Til dømes kan personalressursar nyttast fleksibelt på tvers av resultateiningar (dynamisk bemanningssirkulasjon). Vonleg vil dette gje ein effektiv ressursbruk, som resulterer i flest og best moglege tenester til innbyggjarane, tilpassa vekslende behov i kommunen. Modellen stiller imidlertid store krav til dialog, prosessar og rapportering internt i den kommunale organisasjonen, - mellom einingane og etatsjefar/rådmann og mellom rådmann og politisk nivå.

Kommunestyret legg til grunn at rådmannen har ekstra merksemd rundt dette gjennom budsjettåret 2010. Tiltak av prinsipiell karakter, samt vesentlege endringar av tenestilbodet (nivå, omfang og struktur), må fremjast for politisk handsaming så fremt dei ikkje er klarert gjennom

budsjettprosessen. I tillegg må rådmannen ha ekstra merksemd på oppfølging av budsjetttrammene på einingsnivå. Dersom prognosar syner fare for overskridingar, må korrigerande tiltak utgreiast, evt. fremjast for politisk handsaming og setjast i verk umiddelbart.

Kommunestyret legg til grunn at rapport om økonomien vert klar den 15. i kvar månad etter rapporteringsmånaden. Dette er den viktigaste administrative oppgåva å få til å fungere. Det er viktig å forankre rapporteringa gjennom heile organisasjonen slik at alle med budsjettansvar er "hands on" når det gjeld økonomi og rapportering gjennom heile året. Rådmannen må og rapportere status i gjennomføringa av tiltaka som budsjettet legg opp til. Rådmannen må i fyrste formannskapsmøte i 2010 gjera greie for rapporteringsrutinane for 2010 slik at politisk nivå og administrativt nivå er på linje i korleis dette skal skje.

Tallene – Endringar i høve formannskapet sin tilråding

2.12:

Budsjet 2010 / øk. Plan 11-13		
Endringer i høve formannskapet sin innstilling.		
Handlinger / Endringer	Sum	Kommentar
Skatteinntekter (ny vurdering)	-1 108 000	Administrasjonen vart bedt å sjå på gjennomsnittleg skatteauke for Austevoll dei siste åra bortsett frå 2008 (pga spesiell god formueskatt). Gjennomsnittet utan 09 er 8%. Det er meir enn statsbudsjettet sine 5,9% i auke. Dette vert budsjettert med i 2010.
Mva komp frå investering	-1 656 000	Riktig sum etter at investeringsbudsjettet er kjent må legges inn.
Auka renter og avdrag etter investering.	840 000	Må legges inn stipulert nivå på auka nedbetaling og rente etter større låneopptak i 2010.
Ingen reduksjon psykiatri	800 000	
Ingen reduksjon ppt - psykolog	246 000	
Reduksjon helsessøter / jordmor. Midlar for å gje halvårsverknad 2010.		Tilsvarende sum som differanse mellom ½ års verknad og formannskapet sin tilråding om ¾ verknad i 2010.
Reduksjon pott til rådmannen for å gje 9/12 verknad i 2010		Tilsvarende differanse mellom heilårsverknad for psykiatri og ppt og verknaden for 2010.

Investeringsbudsjettet 2010 (framlegg i kommunestyret)

Investeringsbudsjettet 2010		
Ramme startlån	7 000 000	
Påbygg Storebø po-senter	5 000 000	Prosjektet startes i 2010. Politisk styringsgruppe. Overslagsløyving som må justerast når kostnadsoverslag og planar ligg føre.
Skular – Storebø og Selbjørn	10 000 000	Sopputfordringane på Storebø skule har første prioritert. Midlar inne også til tilpassing Selbjørn skule til krav frå arbeidstilsyn og andre tiltak om det er rom.
Turstier - Folkehelse	250 000	
Ungdomsskulen / basseng	2 400 000	Restsum ungdomsskule / investering i utstyr basseng på ungdomsskule / Trolandshamar.

Kommunehuset	750 000	
PC - for å få papirløsemøter	300 000	
Ymse	1 500 000	Som rådmannen sitt framlegg med tillegg om gps / bærbar pc investering til hpo
Bekkjarvik fiskerihamn	12 830 000	Sum tilsvarende rådmannen sitt framlegg legges inn.
Vinnes gravplass (planlegging / utvidelse)	3 000 000	Overslagsløyving som må justerast når kostnadsoverslag og planar ligg føre.
Sum investering 2010	43.300.000	

Økonomiplanperioden (Overslagsløyvingane som må justerast når kostnadsoverslag og planar ligg føre vil og påvirke økonomiplanen):

	2011	2012	2013	2010 – 2013
Storebø po-senter	30	0	0	35
Ymse	1,5	1,5	1,5	6
Folkehelse	0,25	0,25	0,25	1

Investeringane vert finansiert gjennom låneopptak, tilskott frå private / statstilskott (Fiskerihamn) og inntekter på formidlingslåna. Salsinntekter / Refusjon i 2010 vert tilført disposisjonsfond for investeringar / nedbetaling av gjeld etter nærmare vedtak i kommunestyret.

Budsjettvedtak:

- Austevoll kommunestyre vedtek at det ved utskriving av skatt på formue og inntekt for 2010 vert høgste sats lagt til grunn.
- Austevoll kommunestyre vedtek med tilvising til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 at det vert skreve ut eigedomsskatt på ”verk og bruk”, ”næringsseigedomar” og ”fiskeoppdrettsanlegg” for 2010 med 7,0 promille (høgste sats). Eigedomsskatten forfell i 2 terminar.
- Austevoll kommunestyre vedtek med tilvising til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 at det vert skreve ut eigedomsskatt på andre eigedomar for 2010 med ein skattesats på 3,0 promille. Eigedomsskatten forfell i 2 terminar.
- Austevoll kommunestyre vedtek at med bakgrunn i eit oppsamla underskot på 30,8 mill. kroner, og den generelle økonomiske situasjonen, vert søkt om å få driftskreditten på 30,0 mill. kroner fram til 01.05.2010 og 25 mill. ut året. Frå mai 2010 vil ein få effekt av innsparingstiltaka.
- Austevoll kommunestyre vedtek at renteinntekter frå fondsmidlar for 2010 ikkje vert lagt til fonda, men går inn i drifta.
- Austevoll kommunestyre vedtek at det vert teke opp lån til finansiering av investeringar i 2010. Rådmannen får fullmakt til å godkjenna lånevilkåra.
- Austevoll kommunestyre vedtek at det vert teke opp startlån på kr. 7.000.000,- for 2010 for vidare utlån. Rådmannen får fullmakt til å godkjenna lånevilkåra.
- Austevoll kommunestyre godkjenner at det vert nytta inntil 2,0 mill. kroner av premiefonda i Vital og KLP til dekking av pensjonskostnader i 2009.

Framlegg frå Ap v/Ove Fagerbakke:

”Arbeiderpartiet støttar fleirtalet sitt budsjettframlegg med desse endringane:

Selbjørn pleie- og omsorgsenter vert lagt ned – budsjettert innsparing 2010 vert sett til 1,5 mill. kr.

Jordmor vert ikkje overført til helsestasjon og helsestasjon vert ikkje redusert med 90% stilling – 327.800,- kr. vert tilført budsjettet.

Budsjettet vert styrka med 1.827.800,- kr. finansiert med auka skatteanslag.”

Det vart røysta over framlegget frå Frp, Krf, Sp og H og framlegget frå Ap.

Fellesframlegget vart vedteke med 18 røyster, framlegget frå Ap fekk 3 røyster (Ap – Ove Fagerbakke, Andreas Risøy og Inga Margrethe Fagerbakke).

Vedtak:

Oversikt over inntektene til Austevoll kommune: Austevoll kommune skal i 2010 bruke 288.249.000,-. Hadde ikkje staten bestemt at skattesterke kommunar skal gje frå seg 59 øre for kvar krone til skattesvake kommunar hadde Austevoll kommune hatt 321.315.000,- til bruk. Det er og interessant å sjå at dersom Austevoll kommune ikkje hadde vært ein skattesterk kommune og ikkje utnytta sitt eige inntektspotensiale hadde summen til fordeling vært 34 mill mindre slik at sum til fordeling hadde vært 254.249.000,- Det er mange kommunar i Norge som ligg rundt 100% av skattenivå og som heller ikkje utnytter sitt inntektspotensiale. Dei kommunane klarar også å drive kommunane på ein forsvarleg måte. Austevoll kommune må difor kunne klare å drive kommunen med 288.249.000,- som er summen som er til rådvelde – verken meir eller mindre.

Oversikt over diverse inntektsvariantar (for opplysninga si skyld)

Scenario:	Sum:
Anslag på inntekter 2010	288.249.000
Dersom stortinget ikkje tar 59 øre pr krone frå skatterike kommunar	321.315.000
Dersom stortinget ikkje tar 59 øre og kommunen ikkje har eigedomsskatt	309.118.000
Dersom Austevoll bare hadde hatt 100% av skatteinntekter	264.000.000,-
Dersom Austevoll ikkje har eigedomsskatt	276.052.000
Dersom Austevoll ikkje har eigedomsskatt og har bare 100% av skatt	254.249.000

Tabell som viser korleis inntektene til kommunen i 2010 er budsjettert i etter formannskapet sin tilråding (mindre endringar / tilpassingar kan skje etter gjennomgang etter vedtaket).

<i>Tal i heile tusen</i>	Budsjett	*) Budsjett	*) Budsjett	Reknesk
	2 010	2 009	2008	2008
Skatt på inntekt og formue	159 487	124 000	98 000	139
Eigedomsskatt	12 197	13 300	11 454	11
Rammeoverføring frå staten	73 206	60 096	68 022	37
Trekk inntektsutjamning (overføring til skattesvake kommunar)	-33 066	0	0	
Andre generelle rammetilskot/mva kompensasjon	35 091	26 462	33 317	28
Salgsinntekter	23 897	24 887	22 500	23

Refusjonar	16 346	15 454	11 613	14
Finansinntekter	1 091	6 953	3 177	9
Sum Inntekter	288 249	271 152	248 083	265

Før 288.249.000,- vert disponert er 4 mill tatt av til nedbetaling av kommunen sitt oppsamla underskott og 2 mill er sett av til uforutsette utgifter i 2010.

Det som er disponibelt vert disponert slik:

Inntekter

<i>Tal i heile tusen</i>	*) Budsjett	Budsjett	Økoplan	Økoplan
	2 009	2 010	2011	2012
Skatt på inntekt og formue	124 000	159 487	169 056	177 509
Eigedomsskatt	13 300	12 197	12 441	12 689
Rammeoverføring frå staten	60 096	73 206	76 866	80 710
Trekk inntektsutjamning (overføring til skattesvake kommunar)	0	-33 066	-35 381	-38 211
Andre generelle rammetilskot/mva kompensasjon	26 462	35 091	40 732	42 768
Salgsinntekter	24 887	23 897	25 331	26 091
Refusjonar	15 454	16 346	17 326	18 193
Finansinntekter	6 953	1 091	1 157	1 226
Sum Inntekter	271 152	288 249	307 528	320 975
%-vis økning	9,3 %	6,3 %	6,7 %	4,4 %

Brutto Driftsutgifter

<i>Tal i heile tusen</i>	*) Budsjett	Budsjett	Økoplan	Økoplan
	2 009	2 010	2011	2012
Sentraladministrasjonen	44 575	46 251	50 576	51 299
<i>Uforutsett i løpet av året</i>	0	2 000	2 000	2 000
<i>Pott til lønnsauke 2010</i>	0	4 500	4 500	4 500
Undervisning og kultur	101 259	104 337	106 757	112 093
Helse og sosial	104 957	112 959	119 868	125 854
Skatter og rammetilskot	4 914	4 000	5 000	5 000
Finansiering	15 447	14 202	18 827	19 227
Brutto driftsutgifter	271 152	288 249	307 528	320 975
%-vis økning	9,3 %	6,3 %	6,7 %	4,4 %

<i>Tal i heile tusen</i>	*) Budsjett	Budsjett	Økoplan	Økoplan
	2 009	2 010	2011	2012
Sentraladministrasjonen	27 289	33 241	34 903	37 697
Undervisning og Kultur	76 335	76 065	79 868	83 862
Helse og Sosial	90 006	96 021	100 822	105 863
Finansiering	10 260	11 602	15 507	18 227
Netto driftsutgifter	203 889	216 928	231 099	245 648
%-vis økning	9,3 %	6,4 %	6,5 %	6,3 %

Kommunestyret sitt budsjettvedtak vert gjort på etatsnivå (jmf tabell over både i brutto og netto). Det betyr at rådmannen kan gjera budsjettjusteringar mellom ansvar- og funksjonsområde. Rådmannen må rapportere slike justeringar til politisk nivå, og dersom det inneberer tiltak av prinsipiell karakter, samt vesentlege endringar av tenestilbodet (nivå, omfang og struktur), må fremjast for politisk handsaming så fremt dei ikkje er klarert gjennom budsjettprosessen. Kommunestyret er klar over at fleire av dei reduksjonsframlegg i høve dagens drift kan vera vanskeleg å gjennomføre og kanskje også etter nærmare gjennomgang administrativt ikkje klokt. Med denne presiseringa ligg det då til administrasjonen å vurdere andre justeringar innanfor eigen etat. Kommunestyret understreker at budsjetttrammene for etatane ikkje kan endres i løpet av året av andre enn kommunestyret sjølv.

Budsjettet auker med 5,5% i forhold til 2009 budsjett som er retningsgjevande i høve budsjett 2010. Lønns og prisvekst i 2010 er stipulert lågare enn 5,5% slik at budsjett 2010 har meir å bruke enn 2009 budsjettet. Bakgrunnen for at rådmannen likevel må foreslå reduksjonar er at drifta i 2009 har vært høgare enn budsjett 2009 la opp til. Kommunestyret synes det er beklageleg at ikkje administrasjonen i 2009 har hatt større budsjettlojalitet slik at budsjettprosessen for 2010 må gjennomføre reduksjonar av driftsnivået. Kommunestyret har ikkje vært fornøgd med dette og meiner det er i strid med dei tydelege signal om budsjettdisiplin som er formidla mange gonger til administrasjonen. Kommunestyret er på bakgrunn av dette nødt å meir aktivt fylgje opp situasjonen overfor administrasjonen i 2010.

Nye tiltak i budsjett 2010:

Det er mykje fokus på reduksjonar, men budsjett 2010 legg og opp til styrking av nokre felt:

- 2 mill til reserve. Kan disponerast av formannskap (hastesaker) / kommunestyret (ordinære saker) og skal inngå i rapporteringa slik at politisk nivå kjenner til bruken av midlane.
- Lærlingar. Kommunen har auka lærlingebudsjettet i høve 2009 nivået.
- Straumutgifter – grunna auka strømudgifter.
- Legebudsjettet – midlar til ferievikar
- Auke i budsjett til avlastning (Stangeland gard) i høve 2009 nivå.
- Styrking av barnevern med 600.000,- i høve opprinneleg 2009 budsjett.
- IT – fleire brukarar av systemet.
- Midlar til ny internettside for Austevoll kommune.
- Fleire andre poster som er styrka i høve 2009 budsjettnivå

Kommunestyret sine vidare presiseringar til budsjettet:

Kommunestyret sitt budsjett 2010 er basert på formannskapet sin tilråding som igjen er basert på rådmannen sitt tallbudsjett med tilhøyrande kuttliste lagt fram 25.11.09.

Kommunestyret vil innleingsvis understreke at dette er viktig for Austevoll kommune også i samband med budsjett 2010:

- ”Å setje tæring ette næring”
- Budsjettet skal styre aktiviteten, aktiviteten skal ikkje styre budsjettet
- Austevollingane skal få gode tenester for dei midlane som kommunen har fått til rådvelde

I dette budsjettdokumentet synleggjer Kommunestyret elles ei rekkje styringssignal til administrasjonen, herunder politiske prioriteringar og kommentarar til dei tiltak rådmannen

foreslår for å kunne drive kommunen innanfor dei rammene som er til rådvelde. Der Kommunestyret ikkje har kommentert noko legg vi rådmannen sine tal og tiltak til grunn.

Nøkkeltal:

Austevoll kommune har frå regjering / storting og gjennom egne inntekter fått tildelt 288.249.000,- til drift i 2010. Når sum til nedbetaling av oppsamla underskott frå perioden 1998 til 2004 og pott til resserve er tatt bort står det att 282.249.000 til fordeling til drift. Vår felles utfordring er å disponere det som er disponibelt til beste for austevollingane. Kommunestyret legg til grunn at Austevoll kommune sin skatt for 2010 vert auka like mykje som dei siste åra. Dette er svært realistisk å forvente spesielt i 2010 då formueskatten i Austevoll i 2010 som i stor grad baserer seg på aksjeverdiane 1.1.2010 vil auke meir i Austevoll enn resten av landet. Det vil sikre Austevoll ein betre skatteinngong enn resten av landet og det vil vera realistisk å budsjettere slik. Skulle dei månadlege skatteinngongane utvikle seg i negativ lei må kommunestyret føreta budsejttrevisjon.

Driftsbudsjettet 2010:

Rådmannen la 25.11 fram ei kuttliste. Det er kutt utifrå dagens drift og ikkje utifrå 2009 budsjettnivå. At nokre deler av kommunen i 2009 har overskredet budsjettet er ikkje styrande for rammene i 2010. Kommunestyret er samd med rådmannen at det gjer at drifta må reduserast i forhold til det nivået som er dagens drift.

Kommunestyret vil gjera slik endring i driftsbudsjettet i høve det rådmannen har foreslått:

Skulestruktur

Kommunestyret ynskjer ikkje å leggje ned Møkster og Kolbeinsvik skular i samband med budsjett 2010.

Kultur, idrett og frivillig sektor

Kommunestyret ynskjer ikkje å ta bort all form for tilskott til kultur, idrett og frivillig sektor. Dette er viktige poster for å få folk til å trivast i Austevoll. Skal me ha mål om å helde fram den positive trenden med auke i folketalet må fritidstilbodet vera godt. For Kommunestyret er det difor uaktuelt å ta bort alt dette. Midlane vert tilbakeført. Politisk nivå vil komma attende til disponering av midlane og vurdere kva som skal vera fast tilskott og kva som skal lysast ut.

Kulturskulen

Kultur, idrett og fritidsaktiviteter er eit satsingsområde for kommunen jmf punkt om kultur. Difor ynskjer Kommunestyret heller ikkje å ta bort 200.000 frå kulturskulen. Midlane vert ført attende til budsjettet, men det vert sett på om deler av ressursane i kulturskulen kan inngå i liv og lyst prosjektet som kommunen sin lokale andel. Det vil og gje oss mulighet å få meir ut av kulturkronene ved å sjå alle verkemidlane i sammenheng. Kommunestyret ynskjer at dei barn som ikkje får plass i kulturskulen og som då får tilbod i privat regi og kan inkludrast på egna måte i felles opplegg / konsertar osv.

Aktivtør

Kommunestyret ynskjer å behelde ein stilling som kan skape aktiviteter på sjukeheimane, men sett i lys av framlegget om å ha ein sjukeheim kan ein slik stilling kombineres med andre formål også. Me tenkjer på aktivitet i liv og lyst, folkehelse og gjerne frivillighet. Kommunestyret vil og sjå på mulighet å få til fleire tilbod til gruppa psykisk utviklingshemma og vil at det skal vurderast i denne sammenheng. Det er naturleg at denne stillinga høyrer inn under kultur /

samfunnsutviklingsfeltet til kommunen. Kommunen må og søke om få deler av stillinga delfinansiert gjennom desse andre aktivitetene.

Barnevern

Kommunestyret peiker på at barnevernbudsjettet er styrka i 2010 i forhold til 2009.

Kommunestyret har auka budsjettet med 600.000,- Rådmannen foreslår ytterlegare auke. Auke på 600.000 frå 09 til 10 må vera tilstrekkeleg og barnevernstenesta må dimensjonere sin aktivitet til denne ramma. (600.000 vert tatt ut av budsjettet)

Basseng

Kommunestyret vil legge inn i investeringsbudsjettet midlar til å kjøpe naudsynt utstyr til bassenga for å spare straum og få ein betre og lettare drift av bassenga. Formannskapet forventar ein innsparing på straum i budsjettet. (100.000 tatt ut av driftsbudsjettet)

Papirlause møter

Kommunestyret vil innføre papirlause politiske møter i Austevoll ved å investere i politikkarar pear og då kunne sei opp kopimaskinavtale, utgifter til papir, trykking og porto. Samt å gje administrasjonen ein lettare arbeidssituasjon når kopidagane går bort. (100.000 tatt ut av budsjettet som innsparing)

SFO

Kommunestyret reduserer og ramma frå 2 til 1 mill til SFO i Austevoll. Men Kommunestyret forventar at me skal finne løysingar innanfor ramma som sikrer SFO minst ved dagens skular og gjerne fleire. Andre kommunar får mykje meir SFO tilbod ut av tilsvarande beløp som Austevoll no har til rådvelde. Det må Austevoll og få til. Private løysingar med tilskott frå kommunen må vurderast.

Småtun barnehage

Kommunestyret vil ikkje konkludere med framtida til Småtun i budsjettsamanheng. I mai 2010 vil regjeringa varsle korleis barnehagesektoren vert finansiert i 2011 og utover. Kommunestyret vil ha den kunnskapen før konklusjon vert gjort. Fram til ferien vil Småtun halde fram med dagens lokale og må drivast på ein lønnsam måte med dei barn barnehagen er godkjent for. Kommunestyret tek sikte på at endeleg avgjerd vert fatta før sommaren, med verknad frå skuleåret 2010 / 2011.

Kaier og vegar

Kommunestyret ynskjer at administrasjonen ser på moglegheiten av å hente inn kaileige frå kommunale kaiar. Desse inntektene øyremarker Kommunestyret til vedlikehald av kommunale vegar og kaiar.

Vegljos

Kommunestyret viser til at Hordaland fylkeskommune overtar ansvaret for veglys på fylke og riksvegsnettet frå 1.1.2010.

Bokkjøp bibliotek

Kommunestyret sett av ytterlegare 50.000 til bokkjøp i 2010. Bakgrunnen for to år med små rammer er det store overforbruket i 2007. Frå 2010 vil posten ta seg opp att.

Mva kompensasjon av investeringar

Kommunestyret ynskjer å bruke mva komp frå investeringane til å gje reduksjonane gjennomsnittleg 9 mnd effekt i 2010. Rådmannen får tilført pott til å fordele slik at reduksjonane kan ta ulik tid, men gjennomsnitt 9/12 effekt i 2010 og full effekt i 2011. 20% av mva kompensasjon frå investeringar vert tilført investeringsbudsjettet, medan 80% vert tilført

driftsbudsjettet. Midlar til auka renter og avdrag til nye investeringar vert og tatt av dei auka mva kompensasjonsmidlane.

Legetenesta

Kommunestyret vil tidleg i 2010 sjå på organiseringa av legetenesta og vurdere forhold som legestruktur, tal på legeheimlar osv. Sak om dette vert fremma til politisk handsaming første kvartal.

Sjukefråvær

Kommunestyret ber rådmannen framleis ha stor fokus på sjukevær og tiltak for å redusere det i kommunen. Rapportering om sjukefråvær må gjerast jamnleg til politisk nivå og grupperast slik at det kjem fram kva type sjukefråvær det er og om det er arbeidsgjevar eller NAV som dekker kostnadene.

Eldreomsorg

Kommunestyret presiserer overfor rådmannen at bruken av dobbeltrom ikkje må ha større omfang enn i dag sjølv med samling av alle heildøgnsbebuarar under eit tak. Kommunestyret viser til at det er mogleg slik etaten foreslår disponeringa for 48 bebuarar. Når utbygginga av Storebø po-senter som vert starta opp i 2010 står ferdig vil Austevoll kommune for fyrste gong kunne tilby alle innbyggjarar enkeltrom og gje den gode standarden til alle. Kommunestyret føreset at kommunen skal ha 48 sjukeheims plassar i den melombelse perioden. Talet på plassar når alt er utbygd vert å koma attende til. Administrasjonen har fullmakt som i dag å finne gode løysingar om det skulle vera behov for overbelegg. Det er viktig med god dialog med dei pårørande gjennom heile prosessen.

Kommunestyret ynskjer å koma raskt i gong med utbygging av nok plassar på Storebø PO-senter. Dette er viktig både for å raskt kunne gje alle eit betre tilbod, men og marknaden for bygging er gunstig nå.

Kommunestyret ynskjer å leggje snarleg konseptet på anbod til aktuelle firma som eit totalkonsept. Austevoll kommune treng x antal nye plassar i tilknytning til dagens senter og vil ha inn konsept som tilfredstillar Husbanken sine krav til plassar. Kommunen må i anbodet ha moglegheit å vurdere tilboda utifrå mellom anna pris, tidspunkt for ferdiggjering og standard. Det vil me denne framgangsmåten truleg gå raskare for å få prosjektet ferdig. Kommunestyret føreset at prosessen tek til med ein gong og at anbodsprosessen er sett i gong tidleg i 2010.

Psykiatri

Kommunestyret ynskjer ikkje å redusere på psykiatritenesta. Kommunestyret reknar med at store reduksjonar på denne posten vil føre til auka utgifter på andre felt no og i framtida, samt skape store menneskelege utfordringar.

PPT - Psykolog

Kommunestyret ynskjer ikkje å redusere på PPT – psykolog. Kommunestyret reknar med at store reduksjonar på denne posten vil føre til auka utgifter på andre felt no og i framtida, samt skape store menneskelege utfordringar.

Jordmor / Helsesøster

Kommunestyret understreker at intensjonen til rådmannen er å sjå desse to felta under eitt når reduksjonen skal gjerast. At staten gjennom helseforetaket overtar ansvaret blant anna for fylgjetenesta for gravide i 2010 er eit av argumenta for å kunne redusere på desse postane, men kommunestyret vil be om at dette fyrst er på plass før reduksjonen vert gjennomført fullt ut. Tilbodet til dei fødande må i størst mulig grad skjermes.

Satsing på fornying – 24 / 7 kommunen

Kommunestyret viser til at det ligg inne mange nye tiltak for å gjera kommunen meir effektiv gjennom investering i nye it-løysingar. Både i 2010 og dei siste åra. Kommunestyret er opptatt av å få gjevinst gjennom dette i ein effektivisering som frigjer ressursar til andre og viktigare oppgåver. Kommunestyret har store forventningar til ny nettside med auka bruk av elektroniske skjema. Kommunestyret forventar og full implementering av nytt turnusprogram i 2010 med minvakt funksjon.

Investeringsbudsjettet:

Startlån i Husbanken

Kommunestyret sett av 7 mill i 2010 til dette tiltaket. Det er god bustadsosialpolitikk å ha ei større ramme her for å hjelpe innbyggjarar som treng det inn på bustadmarknaden. Alternativet kunne vært andre ordningar som kostar kommunen pengar.

Folkehelse

Kommunestyret sett av 250.000 årleg til tiltak for å fremme folkehelse. Dette er forberedelse på vår nye oppgåve i samhandlingsreform og også tiltak for å auke trivsel i kommunen.

Sjukeheim på Storebø

Kommunestyret vil umiddelbart sette i gong arbeid med utbygging av Storebø pleie og omsorgsenter og også vurdere andre helsetenester i området. Sak om korleis planlegginga skal gjennomførast må fremmast til første møte i 2010. Politisk nivå skal vera styringsgruppe for prosjektet. 5.000.000,- vert ført opp i 2010 og anslagsvis 30.000.000 i 2011 til fullfinansiering, men merk at dette er overslag som kan verta justert når planar / kostnadsoverslag ligg føre.

Basseng

Formannskapet sett av midlar til innkjøp av diverse utstyr for å få ned straumutgifter.

Skular

Kommunestyret set for 2010 av 10.000.000 til investeringar innanfor skule. Soppituasjonen på Storebø skule har hovudprioritert å få utbetra. Politisk nivå skal som tidlegare vedtatt ha sak før oppstart av byggjeprojekt. Der vil fordeling mellom Storebø skule og Selbjørn skule verta gjort.

Utover dette sjå tabell under.

Rapportering:

Kommunestyret sin budsjettmodell i 2010 er at fyrst finner man ut kva som er disponibelt og så blir det som er disponibelt fordelt til drift. Korleis etatane fordeler midlane er ikkje viktig for politisk nivå så lenge sluttsommen er hellig. Ein slik budsjetteringsmodell gjev rådmannen stor fleksibilitet og handlingsrom til å styre ressursbruken innanfor dei ulike tenesteområda. Til dømes kan personalressursar nyttast fleksibelt på tvers av resultateiningar (dynamisk bemanningssirkulasjon). Vonleg vil dette gje ein effektiv ressursbruk, som resulterer i flest og best moglege tenester til innbyggjarane, tilpassa vekslende behov i kommunen. Modellen stiller imidlertid store krav til dialog, prosessar og rapportering internt i den kommunale organisasjonen, - mellom einingane og etatsjefar/rådmann og mellom rådmann og politisk nivå.

Kommunestyret legg til grunn at rådmannen har ekstra merksemd rundt dette gjennom budsjettåret 2010. Tiltak av prinsipiell karakter, samt vesentlege endringar av tenestilbodet (nivå, omfang og struktur), må fremjast for politisk handsaming så fremt dei ikkje er klarert gjennom budsjettprosessen. I tillegg må rådmannen ha ekstra merksemd på oppfølging av budsjetttrammene på einingsnivå. Dersom prognosar syner fare for overskridingar, må korrigerande tiltak utgreiast, evt. fremjast for politisk handsaming og setjast i verk umiddelbart.

Kommunestyret legg til grunn at rapport om økonomien vert klar den 15. i kvar månad etter rapporteringsmånaden. Dette er den viktigaste administrative oppgåva å få til å fungere. Det er viktig å forankre rapporteringa gjennom heile organisasjonen slik at alle med budsjettansvar er "hands on" når det gjeld økonomi og rapportering gjennom heime året. Rådmannen må og rapportere status i gjennomføringa av tiltaka som budsjettet legg opp til. Rådmannen må i fyrste formannskapsmøte i 2010 gjera greie for rapporteringsrutinane for 2010 slik at politisk nivå og administrativt nivå er på linje i korleis dette skal skje.

Tallene – Endringar i høve formannskapet sin tilråding 2.12:

Budsjett 2010 / øk. Plan 11-13		
Endringar i høve formannskapet sin innstilling.		
Handlinger / Endringar	Sum	Kommentar
Skatteinntekter (ny vurdering)	-1 108 000	Administrasjonen vart bedt å sjå på gjennomsnittleg skatteauke for Austevoll dei siste åra bortsett frå 2008 (pga spesiell god formueskatt). Gjennomsnittet utan 09 er 8%. Det er meir enn statsbudsjettet sine 5,9% i auke. Dette vert budsjettert med i 2010.
Mva komp frå investering	-1 656 000	Riktig sum etter at investeringsbudsjettet er kjent må legges inn.
Auka renter og avdrag etter investering.	840 000	Må legges inn stipulert nivå på auka nedbetaling og rente etter større låneopptak i 2010.
Ingen reduksjon psykiatri	800 000	
Ingen reduksjon ppt - psykolog	246 000	
Reduksjon helsessøter / jordmor. Midlar for å gje halvårsverknad 2010.		Tilsvarende sum som differanse mellom ½ års verknad og formannskapet sin tilråding om ¼ verknad i 2010.
Reduksjon pott til rådmannen for å gje 9/12 verknad i 2010		Tilsvarende differanse mellom heilårsverknad for psykiatri og ppt og verknaden for 2010.

Investeringsbudsjettet 2010 (framlegg i kommunestyret)

Investeringsbudsjettet 2010		
Ramme startlån	7 000 000	
Påbygg Storebø po-senter	5 000 000	Prosjektet startes i 2010. Politisk styringsgruppe. Overslagsløyving som må justerast når kostnadsoverslag og planar ligg føre.
Skular – Storebø og Selbjørn	10 000 000	Sopputfordringane på Storebø skule har første prioritet. Midlar inne også til tilpassing Selbjørn skule til krav frå arbeidstilsyn og

		andre tiltak om det er rom.
Turstier - Folkehelse	250 000	
Ungdomsskolen / basseng	2 400 000	Restsum ungdomsskule / investering i utstyr basseng på ungdomsskule / Trolandshamar.
Kommunehuset	750 000	
PC - for å få papirløsemøter	300 000	
Ymse	1 500 000	Som rådmannen sitt framlegg med tillegg om gps / bærbar pc investering til hpo
Bekkjarvik fiskerihamn	12 830 000	Sum tilsvarende rådmannen sitt framlegg legges inn.
Vinnes gravplass (planlegging / utvidelse)	3 000 000	Overslagsløyving som må justerast når kostnadsoverslag og planar ligg føre.
Sum investering 2010	43.300.000	

Økonomiplanperioden (Overslagsløyvingane som må justerast når kostnadsoverslag og planar ligg føre vil og påvirke økonomiplanen):

	2011	2012	2013	2010 – 2013
Storebø po-senter	30	0	0	35
Ymse	1,5	1,5	1,5	6
Folkehelse	0,25	0,25	0,25	1

Investeringane vert finansiert gjennom låneopptak, tilskott frå private / statstilskott (Fiskerihamn) og inntekter på formidlingslåna. Salsinntekter / Refusjon i 2010 vert tilført disposisjonsfond for investeringar / nedbetaling av gjeld etter nærmare vedtak i kommunestyret.

Budsjettvedtak:

3. Austevoll kommunestyre vedtek at det ved utskriving av skatt på formue og inntekt for 2010 vert høgste sats lagt til grunn.

4. Austevoll kommunestyre vedtek med tilvising til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 at det vert skreve ut eigedomsskatt på ”verk og bruk”, ”næringsseigedomar” og ”fiskeoppdrettsanlegg” for 2010 med 7,0 promille (høgste sats). Eigedomsskatten forfell i 2 terminar.

5. Austevoll kommunestyre vedtek med tilvising til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 at det vert skreve ut eigedomsskatt på andre eigedomar for 2010 med ein skattesats på 3,0 promille. Eigedomsskatten forfell i 2 terminar.

6. Austevoll kommunestyre vedtek at med bakgrunn i eit oppsamla underskot på 30,8 mill. kroner, og den generelle økonomiske situasjonen, vert søkt om å få driftskreditten på 30,0 mill. kroner fram til 01.05.2010 og 25 mill. ut året. Frå mai 2010 vil ein få effekt av innsparingstiltaka.

7. Austevoll kommunestyre vedtek at renteinntekter frå fondsmidlar for 2010 ikkje vert lagt til fonda, men går inn i drifta.

8. Austevoll kommunestyre vedtek at det vert teke opp lån til finansiering av investeringar i 2010. Rådmannen får fullmakt til å godkjenna lånevilkåra.

9. Austevoll kommunestyre vedtek at det vert teke opp startlån på kr. 7.000.000,- for 2010 for vidare utlån. Rådmannen får fullmakt til å godkjenna lånevilkåra.

10. Austevoll kommunestyre godkjenner at det vert nytta inntil 2,0 mill. kroner av premiefonda i Vital og KLP til dekking av pensjonskostnader i 2009.

140/09: PLAN FOR IDRETTSANLEGG, NÆRMILJØANLEGG OG FRILUFTSLIV I AUSTEVOLL KOMMUNE I PERIODEN 2010 - 2013

Handsaming i møtet:

Framlegg frå Torfinn Grav:

”Austevoll kommunestyre tar framlagte plan til orientering og ber om at innspel og uttaler frå høyringsrunden vert innarbeidd i planen til neste rullering.

Ein oppmodar om at lag og organisasjonar vert involvert i det vidare arbeidet med konkretisering og fastsetjing av målbare mål for planperioden.”

Framlegg frå Renate Møgster Klepsvik:

”Lysløype i Loddo vert teke inn i planen.”

Det vart først røysta over tilrådinga frå rådmannen som vart samrøystes vedteke.

Deretter vart det røysta over framlegget frå Torfinn Grav som vart samrøystes vedteke.

Til slutt vart det røysta over framlegget frå Renate Møgster Klepsvik som og vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Plan for idrettsanlegg, nærmiljøanlegg og friluftsliv i Austevoll kommune i perioden 2010 - 2013 vert vedteke. Lysløype i Loddo vert teke inn i planen.

Austevoll kommunestyre tar framlagte plan til orientering og ber om at innspel og uttaler frå høyringsrunden vert innarbeidd i planen til neste rullering.

Ein oppmodar om at lag og organisasjonar vert involvert i det vidare arbeidet med konkretisering og fastsetjing av målbare mål for planperioden.

141/09: SØKNAD OM OVERTAKING AV KOMMUNAL VEG I TORANGSVÅG

Vedtak:

Austevoll kommunestyre godkjenner at den omsøkte vegstrekninga med kommunal veg frå fylkesveg og til tidlegare dampskipskai i Torangsvåg vert overført til grunneigaren, slik det er søkt om – vederlagsfritt.

Kommunestyret set som vilkår at nausttomtar, kaier og andre bygningar som nyttar denne vegen i dag, framleis skal kunna nytta denne som før.

142/09: VEDK. VEGBRYGGJER PÅ HEVRØY

Handsaming i møtet:

Framlegg frå Edvard Johannes Stangeland:

”Saka vert utsett.”

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Saka vert utsett.

143/09: GNR. 27 OG 29 SPISSØY. GODKJENNING AV ENDRING AV REGULERINGSPLAN FOR FRITIDSBUSTADER, NAUST M.M.

Vedtak:

Austevoll kommunestyre godkjenner i medhald av pbl § 12-12, endring av reguleringsplanen for Spissøy, gnr. 27 og 29. Endringa gjeld ei ny tomt for fritidsbustad på tomt nr 22A.

144/09: PROSJEKT AUKA BUSETJING PÅ MØKSTER - OPPFØRING AV UTLEIGEBUSTADER

Vedtak:

1. Austevoll kommunestyre viser til sitt vedtak frå 11.05.2009, sak 054/09, og sluttar seg til det framlagde prosjektet og målsetjingane om ”oppføring av utleigebustader for barnefamiljar” på Møkster.
2. Austevoll kommunestyre overtek innkjøpt tomt til føremålet.
3. Austevoll kommunestyret vedtek at prosjektet vert innarbeidd i kommunen sitt investerings- og driftsbudsjettet for 2010 med 100 % lånefinansiering frå Husbanken.
4. Austevoll kommunestyre vedtek at det vert teke opp lån til føremålet med 30 års avdragstid og gjev rådmannen fullmakt til å godkjenna lånevilkåra.
5. Austevoll kommunestyre gjev formannskapet fullmakt til å inngå nærare avtale med Møkster Bu slik det går fram av prosjektet og kommunestyret sitt vedtak.
6. Austevoll kommunestyre tek atterhald om fylkesmannen si godkjenning av låneopptaket.
7. Austevoll kommunestyre gjev formannskapet fullmakt til å godkjenna endeleg kostnadsoverslag og setja arbeidet i gong når finansieringa er på plass.

145/09: KULTURBAKERIET- SØKNAD OM SKJENKELØYVE

Handsaming i møtet:

Tilrådinga vart vedteken mot 2 røyster (Krf - Christian Halstensen og Torfinn Grav).

Vedtak:

Austevoll kommunestyre gjev følgjande skjenkeløyve for perioden 31.12.2009 til 30.06.2012 til Bjørn Engen for skjenking ved Kulturbakeriet i Prestegarden sine lokaler på Storebø:

- 1) Skjenking av øl og vin måndag til torsdag, samt søndag og helligdager frå kl.1400 til kl.2200. Skjenking av øl og vin fredag til laurdag frå kl. 1400 til kl. 2300
- 2) Skjenking av brennevin måndag til torsdag frå kl.1400 til kl.2200. Skjenking av brennevin fredag til laurdag frå kl.1400 til kl. 2300
- 3) Uteskjenking av øl og vin frå kl. 1400 til kl. 2300.
- 4) Bjørn Engen vert godkjent som styrar med Kjersti Rosendahl som avløyser.
- 5) Skjenking er avgrensa til ovannemnde lokalar med 46 sitjeplassar inne og 48 sitjeplassar ute.
- 6) Uteskjenking kan skje i front av Prestegarden på ein terrasse, eit avgrensa areal med 48 sitjeplassar med stakittgjerde rundt, fysisk avgrensa frå trafikk.

- 7) Kulturbakeriet sitt skjenkeløyve gjeld og uteskjenking av brennevin på terrassen i front av skjenkelokalet, fysisk avgrensa frå trafikk.
- 8) Skjenking av øl og vin måndag til torsdag, samt søndag/helligdager frå kl.1400 til kl.2200. Skjenking av øl og vin fredag til laurdag frå kl. 1400 til kl. 2300
- 9) Skjenking av brennevin er tidsavgrensa frå kl 1400 til kl 2200 måndag til torsdag, og søndag/helligdager. Og 1400 til 2300 fredag og laurdag
- 10) Skjenkeløyve vert gjeve på vilkår av at det vert forvalta i samsvar med Lov om omsetning av alkoholhaldig drikk av 1989-06-02 nr 27 m. v, forskrift og kommunale vedtekter. Kommunen kan dra inn løyvet dersom kontrollverksemda avdekkar avvik.
- 11) Det er ein føresetnad at forfalt alkoholgebyr og andre skattar og avgifter til ei kvar tid er betalt.

146/09: BUSINESS REGION BERGEN AS - FRAMLEGG TIL AVTALE

Vedtak:

1. Austevoll kommunestyre godkjenner framlagde avtale mellom Austevoll kommune og Business Region Bergen AS om samarbeid og levering av tenester.
2. Det kommunale tilskotet vert innarbeidd i kommunen sine årlege driftsbudsjett.

147/09: BEDRIFTSHELSETENESTA RAMMEAVTALE

Vedtak:

Kommunestyret tek saka om ny rammeavtale med Sunn HMS til orientering.

148/09: INTERKOMMUNALT ARKIV I HORDALAND - TILBOD OM RESERVASJON AV Plass I SENTRALT ARKIVDEPOT

Vedtak:

Austevoll kommune reserverer plass i sentralt arkivdepot hos Interkommunalt arkiv i Hordaland, med inntil 150 hyllemeter.

149/09: LIKESTILLINGSREDEGJØRELSE FOR 2008

Vedtak:

Kommunestyret tek likestillingsredegjørelsen for 2008 til orientering.

150/09: FARMASØYT - TILSYN OG RÅDGJEVING

KST-150/09 Vedtak:

Austevoll kommune inngår avtale med Haukeland sykehusapotek, avdeling for farmasøytiske tenester Apotekene Vest som inneheld tilsyn og rådgjeving i kommunehelsetenesta.

Helse- og sosialsjef får fullmakt til å skrive under kontrakten.

151/09: KLIMA- OG ENERGIPLAN

Vedtak:

Austevoll kommunestyre vedtek at det vert utarbeida Klima- og energiplan for Austevoll kommune.

Rådmannen får i oppdrag å få i plass eit organisatorisk program for framdrifta med Klima- og energiplanen under føresetnad av at planen blir fullfinansiert.

152/09: SKATTEOPPKREVJAR**Vedtak:**

Austevoll Kommune går inn for alternativ 3 og kjøper skatteoppkrevjartenester frå ein annan kommune.

153/09: FRÅVÆR AUSTEVOLL KOMMUNE**Vedtak:**

Kommunestyret tek statistikk om sjukefråvær til orientering.

154/09: FRITAK FRÅ FOLKEVALDE VERV I AUSTEVOLL KOMMUNE - SUPPLERINGSVAL

Handsaming i møtet:

Framlegg frå Høgre v/Julie Eide Solbakken:

2. Austevoll kommunestyre føretekk i det høve følgjande suppleringsval:

Formannskapet:

Kurt Frank

Administrasjonsutvalet:

Olav O. Østervold

Kommunenes Sentralforbund:

Ingunn Berge Vik

Overtakstnemnda for eigedomsskatt:

Kurt Frank

Samarbeidsrådet for Sunnhordland.

Arne Kalve Klepsvik

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Austevoll kommunestyre gjev Morten Storebø fritak frå alle folkevalde verv for resten av kommunestyrevalperioden med verknad frå 31. oktober 2009.

2. Austevoll kommunestyre føretekk i det høve følgjande suppleringsval:

Formannskapet:

Kurt Frank

Administrasjonsutvalet:

Olav O. Østervold

Kommunenes Sentralforbund:

Ingunn Berge Vik

Overtakstnemnda for eigedomsskatt:

Kurt Frank

Samarbeidsrådet for Sunnhordland.

Arne Kalve Klepsvik

155/09: VAL TIL OVERFORMYNDERIET

Handsaming i møtet:

Framlegg frå Helge Andre Njåstad:

”Anne-Kristine Bakke, forretningsfører

Bjarte V. Notnæs, medlem”

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Austevoll kommunestyre veljer Anne-Kristine Bakke og Bjarte Notnæs som medlemmer i overformynderiet, funksjonstid fram til 31. desember 2013.

Overformynderiet vert samansett slik og gjeld frå 1. januar 2010:

Medlemer:

Anne-Kristine Bakke, forretningsfører

Bjarte Notnæs

Funksjonstid:

31. desember 2013

31. desember 2013

Varamedlemer:

1. Magnhild Grindheim

2. Oddvard Stangeland

Funksjonstid:

31. desember 2011

31. desember 2011

156/09: GEBYR ETTER NY MATRIKKELLOV

Handsaming i møtet:

Saka vart handsama saman med sak 138/09 – Kommunale avgifter og gebyr m.m. for 2010.

KST-156/09 Vedtak:

Austevoll kommune legger vedlagt Gebyrmal for forvaltningsoppgåver etter matrikkellova til grunn for ilegging av gebyr etter matrikkellova.. Som forskrift vert denne lagt ut på høring med høringsfrist 10. januar 2010.

Gebyra vert innarbeida i gebyrregulativet for kommunen for 2010.

157/09: REKNESKAP 2009 - BRUK AV MOMSKOMPENSASJON I DRIFT

Vedtak:

Austevoll kommunestyre vedtek at momskompensasjon for dei tiltaka som er nemnde i saksframlegget og evt. nye som kjem til av liknande art, vert nytta til å styrkja drifta og i staden finansiert ved bruk av salsinntekter og refusjon frå fylkeskommunen.

